

---

**Fra:** Marte Hagen Eriksrud <Marte.Eriksrud@hfk.no>  
**Sendt:** 9. februar 2017 15:58  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle; fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Emne:** Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - info om høyring av planforslag

Hei,  
Planforslaget til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 er i februar til politisk handsaming i utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet.

Med atterhald om endeleg vedtak i fylkesutvalet 22/23. februar, vert planforslaget sendt på høyring etter handsaming i fylkesutvalet. Det er lagt opp til ei framdrift i planarbeidet som sikrar eit vedtak i fylkestinget i juni 2017. For å kunne halde den framdriftsplanen vert frist for å gje høyringsinnspel satt til **7. april 2017**. Det betyr at høyringsperioden vil vere 6 veker, som er minimum jamfør plan- og bygningslova. For å sikre at kommunane er budd på høyring av planforslaget, vert denne e-posten sendt ut.

Til sjølve planforslaget er det viktig å merke seg følgjande endring på omtalen av konkrete prosjekt; sjå omtale i politisk sak og kap. 1 i planforslaget;

*Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt som tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeida eit eige Investeringsprogram for Fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet. Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram vert det lagt til rette for eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Fylkesrådmannen sin vurdering er at eit slikt skilje kan vere nyttig ved at den politiske handsaminga, i større grad, kan rette seg mot den overordna strategiske retninga til plandokumentet.*

Saksdokumentata er tilgjengeleg her:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=576>

Det vil bli oppretta ei eiga høyringsside og ytterlegare informasjon vert sendt ut så fort fylkesutvalet har handsama saka.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal ut på høyring i same periode som Regional transportplan Hordaland. I høyringsbrevet blir det lagt inn meir informasjon om koplinga mellom desse to planfoslaga.

Ta gjerne kontakt med underteikna om det er spørsmål.

Venleg helsing

**Marte Hagen Eriksrud**  
Spesialrådgjevar  
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75 | Mob: 92 25 52 57  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)